

## Til Alver kommune. Byggjesaksavdelinga.

### Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i Alver / Meland.

Med heimel i Plan-og bygningslova prg. 19.2 vert det søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i Alver/Meland for frådeling av ein parsell til fritidsbruk. Det vert og søkt om dispensasjon frå Plan-og bygningslova prg. 1-8 om byggjeforbod i sjømråde. Avstanden frå sjøen til parsellen er om lag 55m.

Frådelinga vil skje frå gnr. 351 bnr. 13 på Landsvik og har eit areal på om lag 1200 kvm.

Aktuell parsell ligg i eit etablert hytteområde med bygde hytter som i kommuneplanen er merka som hytteområde utan reguleringsplan. I tillegg er det tidlegare delt frå 3 parsellar (bnr. 151, bnr. 152 og bnr. 128) som det ikkje er bygd på. Parsellen får felles grense med bnr. 128.

Arealet som parsellen ligg på er uproduktivt utmark med fjellgrunn og nokre tre/kratt.. Det er ikkje ålmenne fritidsinteresser i området. Frådelinga vil ikkje vera til skade eller til hinder for drifting av hovudbruket. Tilkomsten til parsellen vil skje over hovudbruket og fram til Lyngnesvegen som er ein privat felles veg for alle hytter i området.

Parsellen grensar ikkje til sjø. Mellom sjøen og parsellen ligg det frå før bygde hytteeigedomar. Noko hinder for utnytting av strandområdet som friluftareal vil derfor frådelinga ikkje gi. Ein dispensasjon frå byggjeforbod i strandområder bør såleis kunne gjevast.

Frådelinga vil ikkje bli til ulempe for nokon. Føremonene med frådelinga vert at areala i dette området vil bli godt utnyttat og vil bli eit positiv tillegg til alt etablert hytteområde.

Vilkåra for å kunne gi dispensasjon er såleis til stades.

Frekhaug 04.10.2021.

For tiltakshavar Øyvind Landsvik. Eigar av gnr. 351 bnr. 13

Jens H. N. Bjordal.

Ansvarleg søker.